Førsteblad 1 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Rauland

Emne: Ymse Attåtfôr. Bygdelag: Holland

Oppskr. av: Aasm. Sigurdsson fødd 1878 Gard: Borge med Bitustøyl

(adresse): Rauland. G.nr. 38 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle, og etter det eg hev høyrt av eldre folk i

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): bygdi.

SVAR

1

På dei større gardane — der det er (og var) mykje fôr å finna i heimegardet — på støylar og fjellslåttar, var det lite dei hadde bruk for attåtfôr — slikt som reinmose, skav (bork), lauv o.s.b.
Men ein skikk heldt seg lenge: Det var å løysa ut kyrne og lata dei „bite" d.v.s. kyrne reiste burt i Beitekosten og åt. Dei køyrde alltid heim bjørkeved med kvist og knuppar på, og det var desse kyrne åt og gadga seg med.
På gardar der vatsbekken var langt burte, jaga dei kyrne til næraste vatsolla, so fekk dei „bite" av bjørkeholtet og drikke av vatsolla. Slik var det her på Borge og; — ein liten bergknoll ved denne vatsolla heiter den dag i dag „Brånneberge". Det var Aasmund Sigurdsson Borge (+ 1728) som fekk bekken heim i tunet med å grava ei veite, og denne vatsåra er istand og skaffar 8 hushyder vatn. — og med å løysa kyrne ut og „bite" er det slutt med for lenge sidan (cå 80 år

3937

A. Gras røter.

Frå nr. 1 til 6

Samling av røter er heilt ukjent no.

B. Bregner og blom.

Frå nr 1 til 6

Ingen sanke på slikt til fôr.

„Moldfôr" ukj. navn.

II. Tang og tare. Ukjent.

III Kropalauv m. m. Ukjent.

Islandslav vert enno brukt, til grise-fôr, Kokar det til velling. Det vert rekna for godt fôr

IV 1 Hestmøk er det slutt med til fôr - for lenge sidan, men gamle folk for ein mannsalder sidan kunde fortelje um at dei mintest det, eller hadde høyrt um det - at hestmøk vert brukt. Far min (fdd. 1848) fortalde, at han eingong køyrde framum ein fjellgard og såg kyrne stod og åt i hestemøkkingane. - Men det var alt ei „bisn" å sjå den gong -. Dette var for snart ~~100~~ 80*) år sidan.

2 Fell burt

3 Fell burt.

*) Retta av meg. Aa. G.

3937

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad 2 3

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. Herad:

Emne: Ymse Attåt fôr Bygdelag:

Oppskr. av: Asm. Gøytil Gard:

(adresse): Rauland. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

V Sörpefôr, (Syrpefôr. Raulads dialekt)

1 Nei, dei kokar ikkje syrpe til dyri, no lenger. Vant på arbeidshjelp er vel grunnen til at det er slutt. Og ein ting til, til syrpe må ein hava jordeple. (potetor), og på grunn av lite arbeidshjelp, sår dei mindre av jordeple no. Men i gamle dagar koka dei syrpe, Det var i eldhuset på skorsteinen der, - eller på skorsteinen i „dagleg-stoga", dei koka syrpa - elda med lauvris. Kyrne fekk syrpa i „trebyttur" med vidjehank - eller i saar. - ein Så, såen, fl. saar -. Dem hadde ikkje hank, men øyro med hål i, til å bera dei etter - i sårs-tre.

Bytte

10-12 l

- saar og byttur var „lagga" ihop [„bøtkar-arbeid"]

Så

20-23 l

For det meste greidde husbonde sjølv å laga desse koppane.

Syrpa blanda dei med töyse, og gav kyrne.

2 „Töyse" var - og er tildels, ålmen for kyrne. Agnetöyer, höytöyer, hakkelse-töyer

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3937

2.

Men ein kan ikkje godt kalle „töysa" for Alstfôr, for det er i töysa kûi for det kraftfôr som trengst for å kunne mjölke godt. Fyrr i tidi gjekk alt lette-korn til mat for kyrne. Lette-mjölet blanda dei i töysa. No er det kraftfôr dei kjöper og blandar i töysa.

– Til hestane blöytte dei lettekorn og la det på kana til det grodde – og vart til malt, for å få hesten i trivnad. Kalla fekk hestane og mjöls på hakkels eller i brönna.

Kornet dei dyrkar her i Rauland er altid bygg. Havren slår dei til grönfôr.

3 Eins nyttar [illegible] no, for det meste.

4 Rugmelet vart ikkje brûka

5 Fyrr, då dei bryggja öl av malt, brûka dei dranken – Men ingen lagar malt no lenger.

6 Fell burt.

7 Ukj. for det meste. Potetgras legg dei i sila.

Fiskeavfall – frå 1 – 7 ukjent

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3937